


REGULERINGSENDRING

DETALJREGULERING VIK – SELNES, VESTNES KOMMUNE

PROSESS

05.07.2022



PlanID 0030E2

1 OPPSTART

TIDSLINE

- 20.04.2022 Planinitiativ
- 26.04.2022 Oppstartsmøte med Lesja kommune
Referat
- 09.05.2022 Oppstartsvarsel, sendt brev til naboor og høyringsinstansar
Adresseliste
Annonse i Vestnesavisa
- 22.06.2022 Frist for innspel
Mottatt innspel frå følgjande:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE
Møre og Romsdal fylkeskommune
Statens vegvesen
Oppsummering og kommentarar til innspela følgjer nedanfor.
- 05.07.2022 Notat frå Vestnes kommune, vedr. kryss mellom Vikvegen og fylkesveg 661

2 INNSPEL

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statsforvaltaren går ikkje imot reguleringssendringa, men ber om at matjorda blir brukt til nydyrkingsstiltak eller jordforbetring, og at dette blir tatt inn i reguleringsføreseggnene.

Ber kommunen vurdere buffersone mot jordbruksareala på gnr. 60 bnr. 8, for å hindre drifts- og ulempar.

Det blir gitt råd om utarbeiding av ROS-analyse, og om klimatilpassing og naturmangfald. Likeså om leikeplassar.

Kommentar:

I føreseggnene er det tatt inn eit eige punkt om å ta i vare/gjenbruk av matjord.

I planforslaget er det ikkje lagt inn eiga buffersone mot nord-vest, mot det som ein gong var eit småbruk. Grunngjevinga er at det tilgrensande arealet er svært avgrensa, og at arealet mellom Johnvegen, Myravegen og Vikvegen på sikt vil vere naturleg å sjå på som eit utbyggingsområde/fortettingsområde. Området er i stor grad tatt i bruk til bustadbygging, her er veg og annan infrastruktur, og det vil vere rett å ta dette området i bruk framfor å sjå på nye utbyggingsområdet. Ei vidare utbygging her vil vere med å styrke bygdelaget og bumiljøet her.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE

Lausmassekarta i området har god kvalitet, og NVE vurderer at det ikkje er fare for kvikkleireskred i dette området.

Eksisterande avrenningsliner bør kartleggast, og NVE rår til å bruke tretrinnsstrategien som verktøy for handtering av nedbør og overvatn.

Det er ikkje fare for flodbølgje som følgje av fjellskred (Opstadhornet).

Elles generelle råd.

Kommentar:

Desse tema er først og fremst vurdert i ROS-analysen, er omtalt i planomtalen. I reguleringsføreseggnene er det gitt føresegner om korleis avrenning av overvatn m.m skal skje.

Møre og Romsdal fylkeskommune

Ikkje vesentlege merknader av planfagleg karakter.

Kommunen må ta stilling til om krysset mellom Vikvegen og fylkesveg 661 er dimensjonert, drifta og vedlikehalde til å tolle auka trafikk. Om nødvendig må det stillast rekkefølgjekrav til utbetring.

Det blir ikkje stilt krav om arkeologiske undersøkingar, men viser til kulturminnelova sine reglar om varsemd og varsling.

Det blir vist til småbruket «Solbakken», som med eksisterande bygningar har estetiske kvalitetar og gir identitet til området.
Rår til at bygningane ikkje blir rivne, også med omsyn til nasjonale klimamål (gjenbruk), og at gjenbruk fremjar oppleving og trivsel for nærmiljøet.

Føreset at det blir tatt omsyn til barn- og unge sine interesser.

Kommentar:

Spørsmålsstillinga vedr. kryss mellom Vikvegen og Fylkesveg 661 er lagt fram for kommunen, som i notat datert 05.07.2022 oppsummerer at trafikkauken som ei følgje av denne planen, ikkje har betydning for krysset. Kommunen ser det ikkje som naudsynt å krevje ekstra/nye tiltak, heller ikkje vedr. drift og vedlikehald.

Statens vegvesen – transport og samfunn

Ingen kommentar til at planarbeidet blir starta opp.

Ber om at forholda til trafikktrygging, gåande og syklande, kollektiv og spesiell trygg skuleveg i og rundt planområdet blir omtala i planomtalen. Dersom det er behov for utbetringar, må desse sikrast med rekkefølgjeføresegner.

Råd om bilfrie soner m.m. for å auke trafikktryggleiken internt i området.

Kommentar:

I planomtalen er trafikkforholda og trafikktrygging eit eige tema. I vurderingane er det ikkje konkludert med akutte forhold som må utbetrast og takast inn i reguleringsføreseggnene. Slik reguleringsplanen og føreseggnene er utforma, meiner ein at trafikkforholda og trafikktrygginga er tatt i vare på ein tilfredsstillande måte.

Vedlegg: Planinitiativ
Referat frå oppstartsmøte
Varsel om oppstart
Adresseliste
Annonse
Innspel
Notat frå Vestnes kommune datert 05.07.2022